18-September-2017

ABO PLAN & ARKITEKTUR

Landbruksfagrådet i Austrheim
Austrheimsvegen 1417
5943 AUSTRHEIM

leaut AK 15/9-17
AB.

**Telefon**
+47 56 57 00 70
**Fax**
+47 56 57 00 71
**E-postadresse**
post@abo-ark.no
**Webadresse**
www.abo-ark.no
**Postadresse**
Postboks 291, 5203 Os
**Besøksadresse**
Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, 12.09.2017

# Varsel om oppstart av detaljregulering for Langøyna – næringsområde og småbåthamn, del av gnr. 163, Austrheim kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert det varsla oppstart av detaljregulering for Langøyna – næringsområde og småbåthamn, del av gnr. 163, i Austrheim kommune.

Planområdet ligg på Langøyna, men omfattar også Langøysundet, Purkholmen og Hjeltholmen. Det er om lag 100 daa og er avgrensa som vist på vedlegg 3.

Det omsøkte området er avsett til næringsområde, område for fiske ferdsel og næringsliv og landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i gjeldande arealdel til kommuneplan. Området er uregulert, men grensar til reguleringsplan for Langøy bustad og hyttefelt, planID 199800. Store delar av område er i dag eit sår i landskapet da det har vore nytta til steinuttak i samband med vegbygging.

Føremålet med planarbeidet er å detaljregulere næringsområde slik at det vert mogleg med utbygging av området til rorbu/utleigebustader, samt enkle hytter. I sjøområda vert det planlagt sett av til småbåthamn med tilhøyrande infrastruktur. Ein ønskjer å legge til rette for eit tiltalande område også med bubilparkering, båtopplag/garasje og fellesareal. Strandområdet og felles kai, samt grøne område vil vere tilgjengeleg for alle. Sjå vedlagt førebels illustrasjonar som er utarbeida for området.

Austrheim kommune har vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU) etter KU-forskrifta.

Tiltakshavar er grunneigarar Arnt Runar, Carsten og Ronny Andre Sævrøy og plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

Innspel til planarbeidet kan sendast **innan 13.10.2017** til:

ABO Plan og Arkitektur AS
Postboks 291
5203 Os

eller e.post til: **offentlig.ettersyn@abo-ark.no**

ABO
PLAN & ARKITEKTUR

For meir info sjå og vår heimeside: www.abo-ark.no/nabovarsel/reguleringsplaner-horinger

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan og Arkitektur AS v/Arne Kristian Kolstad
tlf. 957 21 101 eller e-post arne@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Austrheim kommune. Alle mottatte merknader vil bli vidaresendt samla til kommunen saman med innsending av planforslaget.

Etter at fristen for merknader er gått ut vil merknadene bli oppsummert og kommentert. Deretter vert planforslaget utarbeidd og sendt inn til Austrheim kommune for behandling. Etter 1. gongs behandling, legg kommunen planforslaget ut til offentleg ettersyn/høyring. Det vil då vere anledning til å fremme merknader til planforslaget før vidare politisk behandling.

Med venleg helsing
**ABO Plan & Arkitektur AS**

Arne Kristian Kolstad

Vedlegg:
1. Oversiktskart
2. Ortofoto
3. Plangrense, datert 29.08.2017
4. Moglegheitsstudie

## Vedlegg 1 - Oversiktskart



## Vedlegg 2 - Ortofoto






## Austrheim kommune

Reguleringsplan Langøy gnr 163 bnr 24

| | |
|---|---|
| Sted: | Os |
| Dato: | 29.08.2017 |
| Målestokk: | 1:3000, A4 |
| Prosj.ansv.: | AKK |
| Tegnet av: | VI |
| Kontrollert av: | AKK |

Plangrense

ABO PLAN & ARKITEKTUR
Hamnevegen 53
Postboks 291,5203 Os
Telefon: 56 57 00 70

Prosj.nr. Tegn.nr. Rev.






VISUALISERING SETT FRA NORDVEST



VISUALISERING SETT FRA SØRVEST

- ALLMENN FERDSEL
- PRIVAT UTEPLASS
- FELLES UTEPLASS
- RORBUER OG HYTTER
- VEI OG PARKERING
- FELLESKAI - FRITT FOR ALLE




GARASJE / BÅTOPPLAG OG TOALETTER / VASK, RESEPSJON
1:500

**Arnt Runar Sevrøy**
Reguleringsplan Langøy gnr 163 bnr 24
Mulighetsstudie
**Illustrasjonsplan**
**Skisse**

ABO PLAN & ARKITEKTUR
Hamnevegen 53
Postboks 291, 5203 Os
Telefon: 56 57 80 70

| | |
|---|---|
| Sted: | Os |
| Dato: | 22.06.17 |
| Målestokk: | 1:500 |
| Prosj.ansv.: | AKK |
| Tegnet av: | MAR |
| Kontrollert av: | AKK |
| Filnr.: | |

| Prosj.nr. | Tegn.nr. | Rev. |
|---|---|---|
| A.04.00.01 | | |